




**HORNINDAL KOMMUNE**

# **KOMMUNEPLAN**

**2004 - 2015**



---

## **DEL III AREALDELEN**

Eigengodkjend av kommunestyret den 25.03.2004 – sak 016/04

<b>Mål og strategiar</b>	<b>3</b>
<b>Bustadbygging i Hornindal</b>	<b>4</b>
<b>Spreidd bustadbygging</b>	<b>5</b>
<b>Nye bustadområde i arealdelen</b>	<b>6</b>
<b>Sentrumsområdet</b>	<b>7</b>
<b>Hyttebygging</b>	<b>7</b>
<b>Område utan fritidsbusetnad</b>	<b>11</b>
<b>Byggjeskikk i hytteområda</b>	<b>12</b>
<b>Mikro- og minikraftverk</b>	<b>12</b>
<b>Energi</b>	<b>12</b>
<b>Kulturlandskap og kulturmarkstypar</b>	<b>13</b>
<b>Naturkvalitetar</b>	<b>13</b>
<b>Bygging og frådeling i vassdragsnære område</b>	<b>13</b>
<b>Vurdering av stølsområde</b>	<b>14</b>
<b>Jordbruksareal</b>	<b>14</b>
<b>Industriområde</b>	<b>14</b>
<b>Riksvegar</b>	<b>14</b>
<b>Fylkesvegar</b>	<b>15</b>
<b>Kommunale vegar</b>	<b>15</b>
<b>Vegserviceanlegg</b>	<b>15</b>
<b>Gang- og sykkelvegar</b>	<b>15</b>
<b>Tele- og kraftlinjer</b>	<b>15</b>
<b>Bandlagde område</b>	<b>16</b>

## 4. AREALDELEN

---

### MÅL OG STRATEGIAR

Kommunestyret har lagt til grunn følgjande visjon for Hornindal kommune sitt arbeid i tida framover:

**Hornindal kommune skal utvikle seg til å bli eit knutepunkt mellom regionar. Hornindal skal vere ei attraktiv bukommune som legg vekt på og vidareutviklar “det gode liv” i bygda.**

For å nå denne visjonen vil kommunen satse på følgjande strategiområde i planperioden.

- Det gode liv i Hornindal
- Utviklinga i Kjøs krins
- Turisme og hyttebygging
- Ei framtidsretta landbruksnæring
- Kommunikasjon som nøkkel til utvikling
- Hornindal eit knutepunkt mellom regionar

Desse strategiområda skal også prioriterast i arealdelen. Det vil seie at vi i arealdelen har prioritert å leggje til rette for den utvikling som er skissert i kommuneplanen sin mål- og strategidel.

Arealdelen i kommuneplanen omfattar:

- Forklarande tekst del
- Tilleggsføresegner
- Oversikt over viktige temakart og plandokument
- Plankart i målestokk 1:20 000.

**BUSTADBYGGING I HORNINDAL**

I store trekk er det lagt opp til ein bustadpolitikk som er i samsvar med fylkesplanen sine målsettingar og rikspolitiske retningslinjer. Mål og strategiar i kommuneplanen gjer det klart at vi i første rekke ønskjer å utvikle tettstaden Grodås til eit sentrum med eit variert bustadtilbod. Utanom det som er direkte knytt til gardsbruk er det elles ei målsetting å samle mykje av nybygginga til avsette byggjereale i Kjosområdet, området Fannemel – Tytebærhaugen og spreidd utbygging i Haugen-området.

Utviklinga i samfunnet tilseier at vi må leggje til rette for eit meir variert bustadtilbod. Også her i kommunen ser vi eit aukande behov for større og mindre leilegheiter. Kommunen har dei siste åra selt fleire husvære på grunn av slik etterspurnad.

Bustader blir bygd i regulerte område, spreidd i LNF-område, eller som hus nr.2 på garden. I arealdelen frå 1991 var det lagt opp til at 19 av 80 tomter skulle byggjast spreidd i LNF-område. Det blei ikkje definert spesielle område for slik utbygging, men det var lagt opp til at frådelling/utbygging kunne skje med bakgrunn i dispensasjon frå arealdelen. Frå 1990 til 2002 har kommunen gjeve 7 dispensasjonar for frådelling av bustadtomter i LNF – område.

Totalt har vi om lag 20 ledige tomter i kommunale bustadfelt. I tillegg kan knapt 10 private tomter byggjast ut i sentrumsområdet. Alle dei private tomtene ligg i område som har opparbeidd kommunaltekniske anlegg. Med same utrekningsmodell som for kommuneplanen frå 1991, vil vi i perioden fram til 2015 ha trong for 65 nye bustader. Med ein reserve på ca. 30 ledige tomter manglar vi ca. 35 tomter i planperioden.

**Bustadbygging i perioden 1990 – 2003 (omtrentlege tal bueingar).**

Planstatus	Bustadbygging (Antal bueingar)	1990 - 2003
Regulerte område/ utbyggingsplan	Kommunale bustadfelt	36
	Private bustadfelt	5
Ikkje plankrav	Spreidd utbygging i LNF-område (disp. frå arealdelen)	6
	Hus nr. 2 på garden	23
	<b>Sum</b>	<b>70</b>

**Forventa bustadbygging i perioden 2003 - 2015**

Planstatus	Bustadbygging (Antal tomter)	2003 - 2015
Regulerte område	Byggjeklare tomter i kommunale felt	20
	Byggjeklare tomter i privat eige	9
Uregulerte område, men med plankrav	Nye tomter i kommunale bustadfelt	11
	Nye tomter i private bustadfelt	3
Plankrav (utbyggingsplan)	Spreidd utbygging i LNF-område	10
Ikkje plankrav	Spreidd utbygging i LNF-område (disp. frå arealdelen)	2
	Hus nr. 2 på garden	10
	<b>Sum</b>	<b>65</b>

I kommuneplanen frå 1991 var det lagt opp til at litt over halvparten av bustadene skulle byggjast i kommunale bustadfelt. Resten som spreidd utbygging i LNF-område, og som hus nummer to på garden. Statistikken viser at dette slo bra til, men at omfanget av spreidd utbygging i LNF-område ikkje vart så omfattande som planlagt. Derimot vart det bygt langt fleire hus nr. 2 på gardane enn forutsett.

Sjølv om byggeaktiviteten på gardane truleg vil avta i perioden fram til 2015 forventar vi ca. 10 nye hus nr. 2 i denne perioden. Blir samtidig dei byggjeklare kommunale og private tomtene bygt ut (ca. 30 stk), i tillegg til ca. 10 nye hus i LNF-område avsett til spreidd bustadbygging, vil trongen for nye tomter vere avgrensa til 10 – 12 stk.

Hornindal kommune legg vekt på å vere ein attraktiv kommune der mange ønskjer å leve det gode liv. Mange ønskjer å etablere seg med hus på stader dei har personlege preferansar til, og sjeldan er dette i regulerte bustadfelt. I staden ønskjer desse oftast å bu nær heimstaden.

Kommunen ønskjer å leggje til rette for noko bustadbygging i LNF-område, men vi ønskjer samtidig å verne om landbruket. Oppstykking av verdfullt landbruksareal er svært uheldig og bør ikkje skje. Det er også viktig å oppretthalde høg standard på vatn og avløp. Dette er ofte dyre tiltak som fleire bør gå saman om, noko som tilseier at "klyngeprinsippet" er å føretrekke. Med omsyn til beredskap og tryggleik er det òg viktig at hushaldninga har nok og godt vatn året rundt. Omsynet til trygge skuleveggar skal leggjast til grunn ved lokalisering av bustadfelt.

## SPREIDD BUSTADBYGGING

På tidlegare arealplan var det ikkje sett av bestemte område for spreidd bustadbygging i LNF-område, men etter dispensasjon var det opna for utbygging i heile LNF-området. I heile planperioden vart det ført opp til saman 6 bustader i slike område, og desse vart alle handsama som dispensasjon frå arealdelen, og som delingssøknad etter plan- og bygningslova og jordlova. Slik saksgang er svært tidkrevjande, og det bind opp store administrative ressursar, som heller bør nyttast til plan- og utviklingsarbeid.

Eit alternativ er å leggje ut areal for spreidd utbygging etter PBL § 20 – 4 andre ledd bokstav c). Da må arealdelen avgrense det/ dei område som kan nyttast til slik utbygging, og det må gå fram av planen kor mange bustader som kan byggjast. Det er vidare høve til å stille krav om utbyggingsplan og gje føresegner til planen. Desse plandokumenta er juridisk bindande. I tillegg kan det utarbeidast utfyllande retningslinjer som vil vere retningsgjevande for vidare planhandsaming.

Der det ligg føre utbyggingsplan er tilhøvet til jordlova §§ 9 og 12, jf. § 2 avklara gjennom handsaming av planen. Dette vil lette sakshandsamingstida i ettertid, då alle prinsipielle vurderingar er gjort gjennom planarbeidet.

På den nye arealdelen er det lagt ut eit område for spreidd bustadbygging i området Haugen – Hjellbakk. Dette er eit godt eigna område, med ein viss etterspurnad etter tomter. Andre område kan også vere aktuelle, men det er lite ønskjeleg å leggje ut store areal til spreidd utbygging der

det kanskje er berre nokre få aktuelle tomter. Evt. bustadbygging i slike område må derfor skje som dispensasjon frå arealdelen, slik den gamle planen også la opp til.

Spreidd utbygging skal i utgangspunktet ikkje skje på landbruksareal i klasse A eller B, men der arronderinga vanskeleggjer rasjonell jordbruksdrift, kan også areal i desse kategoriane bli omdisponert for bustadbygging.

Krav til god standard på vatn og avløp gjeld også for spreidd bustadbygging, og både for å halde desse kostnadene på eit akseptabelt nivå, og for å styrkje det sosiale miljø i bygdelaga, bør spreidd utbygging skje i tilknytning til anna busetnad.

## **NYE BUSTADOMRÅDE I AREALDELEN**

### **B 16 Mellom Tyttebærhaugen og Fannemel:**

Kommunen ønskjer å samle busetnaden der tilhøva ligg til rette for det, og området mellom Tyttebærhaugen og Fannemel bustadfelt har kvalitetar som gjer det attraktivt som buområde. Avløpet frå området kan førast til reinseanlegget på Gausemel, mens vassforsyninga bør samordnast med anlegget på Fannemel, eller med eit nytt fellesanlegg for Gausemel, Haugen og Hjellbakk.

Området er sett av som byggjeområde i arealdelen, og det er sett krav om reguleringsplan før utbygginga kan ta til. Gjennom reguleringsplanprosessen vil også tilkomsten til området bli avklara, men det kan vere aktuelt med trasèar både frå Fannemel og frå Tyttebærhaugen.

### **B 17 Sentrum aust:**

Kommunen ønskjer at arealet mellom Nyland, Sentrum og Rabbane vert nytta til bustadbygging i komande planperiode. Området ligg nær sentrum, og vi ønskjer at det blir bygt både einbustader og leilegheiter av varierende storleik. Frå grunneigarhald har det òg kome innspel om å kunne nytte deler av området ovanfor Lidavegen til slik utbygging. Området er i alt vesentleg grad klassifisert som A-jord. Med kort avstand til kommunaltekniske anlegg i Lidavegen er det enkelt og billeg å få til gode løysingar for vatn og avløp.

På arealdelen er området sett av til byggjeområde, og det er sett krav om reguleringsplan før utbygginga kan ta til. (Sjå det som elles er sagt under SENTRUM på s. 5)

### **B 18 og B 19. Byggjefelt i Kjøs krins :**

I Kjøs krins er 2 område avsett som byggjeområde for bustader. Det eine er eit mindre område på nordsida av Kjøs bru (B 18), og det andre er på kommunen sitt område i Kongsvik (B 19).

På føregåande arealdel vart området i Kongsvik avsett som byggjeområde, men førebels ligg det unytta. I kommuneplanen 2003 - 2015 ønskjer kommunen å leggje til rette for eit mindre tal store attraktive tomter, utan stor byggjetettleik. Byggjeområdet i Kongsvik ligg eit stykke utanfor sentrum, men likevel med bra kollektivdekning til Stryn og Eid. Når Kvivsvegen vert bygt vil truleg frekvensen av bussruter mellom Grodås og Kjøs bru også auke, og vi trur at buområda i Kjøs krins kan bli attraktive for alle som ynskjer tilgang til ein variert arbeidsmarknad i Hornindal, Stryn eller Eid.

Begge områda er i arealdelen avsett til byggjeområde, med krav om reguleringsplan før utbygging kan skje.

### **E 1 Haugen/Hjellbakkane:**

I dette område har det alt skjedd ein del spreidd utbygging, men området er attraktivt for vidare utbygging, og i arealdelen er det sett av som LNF-område med spreidd bustadbygging. Området er sørvendt, solrikt, og med god utsikt over bygda og vatnet. Området kan knytast til reinseanlegget på Gausemel, mens vassforsyninga er noko meir usikker. Eitt alternativ kan vere å etablere felles vassforsyning for Gausemel, Haugen og Hjellbakk. Tilstreккеleg og god vatn må i alle høve sikrast før vidare utbygging kan skje.

## **SENTRUMSOMRÅDET**

Grodås er kommunesenteret, men sentrumsområdet omfattar også Kyrkjhornsbakkane, Rabbane, Nyland, Ytrehorn, og mellomliggjande areal. I tillegg er området mellom Rv 60 og Storelva, opp forbi den gamle grasbana, å sjå på som sentrumsområdet. På Ytrehorn er det lagt inn eit område (B 22), som er tenkt nytta til framtidig idrettshall eller liknande.

I samsvar med mål og strategiar i kommuneplanen vil det bli lagt til rette for eit differensiert bustadtilbod i kommunesenteret. Det vil seie at det både skal vere tilbod om einebustader, store og små leilegheiter, samt omsorgsbustader i gang/sykkelavstand frå kommunesenteret. I vestre del av område B 17 (mellom Lidavegen og grensa for noverande reguleringsplan) vil arealet kunne nyttast både til sentrumsfunksjonar og til bustadformål. Ved regulering av området skal evt. omlegging av riksvegen/stamvegen – aust for sentrum - vurderast. (Jfr. avtale mellom kommunen og grunneigarar som blir omfatta av ei evt. omlegging).

## **HYTTEBYGGING**

I Hornindal er hyttebygging og turisme eit viktig strategiområde for framtidig utvikling av kommunen, og det er ei målsetting å finne areal for kommersiell hyttebygging. Det er likevel viktig at slik utbygging kan skje utan at natur- og kulturlandskapet vert forringa. Særleg gjeld dette i høve til seterområda.

Vi ønskjer at kommuneplanen skal vere eit effektivt styringsverktøy for all hyttebygging, slik at

kommunen får best mogleg kontroll med bruken av arealressursane. Nokre få hytter, uheldig plassert i setreområda, kan vere nok til å øydeleggje det heilskaplege uttrykket av setrane.

Dei mest aktuelle områda for hyttebygging ligg i utmarka, dvs. i LNF-område.

Med juridisk bindande verknad kan kommunen sette av areal til hyttebygging ved å :

1. Sett av **byggjeområde** for hytter i samsvar med PBL § 20-4 pkt. 1, eller
2. Gje **utfyllande føresegner for dei LNF-område** der spreidd hyttebygging kan skje. jf. Pbl §20-4 andre ledd bokstav c).

I følge miljøverndepartementet sin rettleiar til kommuneplanen sin arealdel, bør byggjeområde nyttast for område som kan ha plass til fleire einingar, og der det samtidig er upraktisk å nytte mellomliggjande areal til jordbruksformål.

**Utfyllande føresegner** er mest aktuelt å nytte i område med enkeltståande bygningar med jordbruksareal mellom einingane, og der utbygginga skjer over lenger tid. Når det ikkje er sett krav om utbyggingsplan gjeld §§ 9 og 12 i jordlova om samtykke til omdisponering.

Vi ønskjer at areal til hyttebygging først og fremst blir avsett som byggjeområde etter § 20 – 4 pkt.1, med krav om reguleringsplan. Dette kan verke noko drastisk, men gjev kommunen best kontroll med hyttebygginga.

Hyttebygginga kan inndelast i ulike kategoriar, alt etter bruksformål og lokalisering:

- A. Hytter på og omkring setrekviene – ikkje kommersiell utnytting
- B. Hytter i seterdalane, utanfor dei sårbare områda og i god avstand frå setrekviene – kommersiell utnytting.
- C. Hytter langs Hornindalsvassdraget – kommersiell utnytting
- D. Hytter spreidd rundt om i kommunen – kommersiell utnytting. Dette vil det bli teke stilling til i ”Differensiert forvaltingsplan for Hornindalsvassdraget”.

Seterdalsanalysen skil mellom område som er lite sårbare, sårbare og svært sårbare for hyttebygging. Kommunestyret har fatta eige vedtak om at analysen skal leggjast til grunn for vurdering av aktuelle område for hyttebygging.

Kommersiell hyttebygging er lagt til område som er lite sårbare, i god avstand frå setrene. Målsettinga er at kommersiell hyttebygging skal leggjast til område som er eigna for meir omfattande utbygging, og der grunneigarar har interesse for hyttebygging. Likeså er det ei målsetting å unngå konflikt med landbruks-, natur- og friluftsiinteresser, uansett om dei ligg i sårbare eller mindre sårbare område. Aktuelle problemstillingar i den samanheng er beitebruk og evt. gjerde rundt hyttene, storleiken på hyttene, vegetasjonsbruk m.m.



**B 3 Svartehammaren:**

I Seterdalsanalysen er Svartehammaren karakterisert som mindre sårbar for inngrep, men fordi området er relativt synleg frå Bruasetra, har vi lagt opp til mindre omfattande utbygging enn Seterdalsanalysen skisserer. Vi ser det som meir skånsamt å fortette den utbygginga som alt har funne stad, og utvide den noko sørover. Nye einingar skal tilpassast karaktertrekk på eksisterande hytter, særleg med omsyn til møneretning, farge og takvinkel. Før fleire hytter kan byggast ut er det krav om reguleringsplan.

**B 4 Bak Storesetra:**

Det aktuelle området er lett kuppert med tett lauvskog, og ligg i lia bak Storesetra. I seterdalsanalysen er området karakterisert som sårbart område, og både miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen og fylkeskultursjefen meiner at området ligg for tett opp til Storesetra, og vil ha negativ innverknad på setremiljøet. Kommunen har likevel valt å leggje til rette for ei viss utbygging (om lag 10 hytter), men innser at dette krev ekstra stor varsemd i høve til plassering, formgjeving, fargesetting, storleik m.m. Det er sett krav om reguleringsplan før utbygging av fleire hytter kan skje.

**B 5 Under Storesetra:**

Seterdalsanalysen skisserer ei fortetting av eksisterande hytteområde søraust for Storesetra. Området er svært avgrensa og gjev ikkje rom for meir enn 2-3 nye hytter. Det er sett krav om reguleringsplan før utbygging av fleire hytter kan skje.

**B 6 Mot Hjortedalssetra:**

I området er det nokre få hytter frå før. I tillegg er det er utarbeidd utbyggingsplan for 3 nye hyttetomter, men desse er framleis unytta. Med ei viss fortetting og utviding får området meir preg av "hyttegrend".

Det er sett krav om reguleringsplan før utbygging av fleire hytter kan skje.

**B 7 Trollhaugen sør for Hornindalssetra:**

Området ligg rett sør for Hornindalssetra, men ute av syne for setervollen. Terrenget er småkuppert, og har gode mulegheiter for plassering av 5 - 10 hytter. Området skal inngå i reguleringsplan, og gjennom planprosessen må det takast endeleg stilling til kor mange hytter som kan byggjast. Området er litt justert etter første gongs utlegging.

**B 8 Ved Horndøla sør for Hornindalssetra:**

Område B8 ligg på austsida av elva, i relativt kort avstand frå Hornindalssetra og område B 7. Feltet er godt avskjerma frå setra. Området skal inngå i reguleringsplan, og gjennom planprosessen må det takast endeleg stilling til kor mange hytter som kan byggjast. For vurdering av arealbruken nær vassdrag vert det elles vist til kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget, som er under utarbeiding. Området er litt justert etter første gongs utlegging.

**B 9 Honndalslia – del av gnr. 191, bnr.2 :**

Området grensar mot riksvegn, og ligg i kort avstand frå det regulerte område til Honndalsrokken Turistsenter. Grunneigaren ynskjer å kunne føre opp inntil 8 hytter og etablere scene/ amfi i området. Området skal inngå i reguleringsplan, og gjennom planprosessen må det takast endeleg stilling til kor mange hytter som kan byggjast.

**B 10 Lasseladehaugen:**

Hyttefeltet ligg i småkuppert terreng vest for Horndøla bru, og i seterdalsanalysen er området vurdert som lite sårbart. Det kan vere plass til 10 - 20 hytter, men endeleg antal og plassering av hyttene må avklarast gjennom reguleringsplan for området.

**B 11 Ved Røde Kors hytta – aust for Horndøla Bru:**

Hyttefeltet er plassert mellom riksvegen og Terdøla, og i Seterdalsanalysen er området vurdert som lite sårbart. Feltet er teke inn på grunnlag av innspel frå grunneigarane, og i tilknytning til ei konkret byggjesak på eigedomen er det alt sett krav om reguleringsplan for området. Endeleg antal og plassering av hyttene vil bli avklart gjennom reguleringsplanarbeidet. I vest grensar feltet mot tidlegare regulert område for Honndalsrokken Turistsenter.

**B 12 Ved Terdøla - del av gnr. 198, bnr. 3 :**

Området ligg på sørsida av Terdøla, og er tidlegare ikkje vurdert med tanke på hyttebygging. Etter innspel frå grunneigaren er det no teke inn i arealdelen, og gjennom reguleringsplan for området vert det teke endeleg stilling til kor mange hytter som kan byggjast i feltet. Området ligg like i nærleiken av område B 11 og det regulerte området for Honndalsrokken Turistsenter, men likevel avskjerma frå desse av vegetasjonen langs Terdøla.

**B 14 Grendadalen hyttefelt:**

Hyttefeltet ligg sør for skisenteret, og strekkjer seg frå setrevegen og ca. 1 km. vestover. Området er attraktivt for meir kommersiell utnytting, og er tenkt nytta for litt større hytter. Det er likevel ikkje ønskeleg med ei utvikling der storleiken på hyttene overgår vanlege bustadhus.

Området må inngå i reguleringsplan før utbygging kan skje. Gjennom planarbeidet må det leggjast vekt på at hyttene underordnar seg markerte landskapsdrag slik at mest mogleg av eksisterande vegetasjon og terreng kan bevarast. Vi ønskjer klyngevis utbygging, med vekt på fellestrekk - frå hytte til hytte. Slik får hytteklyngene eit meir heilskapleg preg, og ei ein eigen identitet. Vatn og avløp må vere sikra på tilfredsstillande måte før utbygginga kan ta til.

Sjølv med større soner med grøntareal mellom hytteklyngene kan det vere plass til så mykje som 150 – 200 hytter i området, men endeleg stilling til dette vil først skje gjennom reguleringsarbeidet.

Større aktivitet ved skisenteret og utbygging av hyttefeltet i Grendadalen vil føre til vesentleg større trafikk på setrevegen. Dette set større krav både til sommar- og vintervedlikehald, men ved opprusting av vegen og legging av fast dekke vil vedlikehaldskostnadene likevel kunne haldast på eit akseptabelt nivå.

**B 15 Lidavegen hyttefelt:**

Hyttefeltet ligg langs Lidavegen, like nord for Nyland bustadfelt. Området er eigna til meir kommersiell utnytting, og det vil vere mogleg å byggje hytter opp mot 75 kvm BTA.. Området må inngå i ein utbyggingsplan før byggjeløyve blir gjeve. Vatn og avløp kan truleg knytast til eksisterande anlegg på Nyland, og dette må òg vere ordna før utbygginga kan ta til.

**OMRÅDE UTAN FRITIDSBUSETNAD**

Den gamle kommuneplanen sette forbod mot hyttebygging i store deler av kommunen, men med krav om utbyggingsplan var det var likevel opna for oppføring av inntil 7 utleiehytter, samt jakt-, fiske- og gjetarbuer i heile LNF-området.

Dei fleste område, som etter den gamle kommuneplanen hadde forbod mot hyttebygging, vil ha tilsvarande restriksjonar i denne kommuneplanen. I deler av kommunen er likevel grensa mellom sårbare og mindre sårbare område trekt litt høgare opp i terrenget, m.a. i lia mellom Holskardalen og Lødøen. Med unnatak av evt. byggeområde for hytter i dei sårbare områda, og det som Seterdalsanalysen seier om fortetting på setrene, vil ein kvar søknad om hyttebygging i dei sårbare områda, måtte handsamast som dispensasjon frå kommuneplanen, i samsvar med PBL § 7.

## BYGGJESKIKK I HYTTEOMRÅDA

I tillegg til å styre arealbruken ønskjer kommunen å leggje klare føringar på utforminga av hyttefelt. Både arkitektur og formgjeving, byggjehøgde, storleik, fargeval, og ikkje minst innbyrdes og terrengmessig tilpassing av hyttene, er avgjerande for å få eit best mogleg resultat. I arealdelen er slike retningslinjer berre rettleiande, men dei gjev likevel klare signal og føringar i arbeidet med regulerings- og utbyggingsplanane.

Krav om regulerings- eller utbyggingsplan gjev kommunen god styring med utbygginga, men kan verke svært omfattande for utbyggjarane. Kommunen bør derfor vere bevisst på at plankrav, utover det som går fram av kommuneplanen, ikkje vert sett utan at det er gjort nøye vurdering av behovet.

Hornindal kommune har avgrensa planleggingsressursar, og så og seie all planlegging av utlagde hytteområde må skje etter initiativ frå private. Planane må fremjast som private regulerings- eller utbyggingsplanar i medhald av PBL § 30, jfr. § 28-2.

## MIKRO- OG MINIKRAFTVERK

I seinare tid har det vore fokusert ein del på mikro- og minikraftverk, som tilleggsnæring i landbruket. Hornindalsvassdraget er imidlertid eit verna vassdrag, og mulegheitene for slike tiltak er i utgangspunktet svært avgrensa. Kommunen har m.a. av den grunn sett i gang arbeid med differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget. Planen skal m.a. vise kva slags handsaming ulike tiltak krev, og vi ønskjer å kome fram til aktuelle område for mikro- og minikraftverk.

I høve til arealbruken, kan mikro- og minikraftverk, som blir nytta som energikjelde i tradisjonell landbruksdrift, etablerast i LNF-område. Blir krafta derimot - heilt eller delvis - også omsett i marknaden, må området definerast som byggeområde.

## ENERGI

I løpet av første halvdel av 2004 skal kommunen vedta enøkplan for Hornindal kommune. Planen omfattar m.a. retningslinjer for den overordna enøkpolitikken i kommunen, og målsetjinga er å redusere energiforbruket på eksisterande bygningar, og leggje til rette for miljøvenlege og energiøkonomiserande tiltak ved utbygging av nye område.

Måla skal nåast ved å :

- kartleggje lønsame energisparande tiltak, og gjennomføre desse slik at driftskostnadene på eksisterande (kommunale) bygningar kan reduserast med ca 10 % innan 2008. (Dette skal skje utan at det går ut over det ytre miljø, inneklimate og andre funksjonskrav)

- vurdere bruk av vannbåren varme ved utbygging av nye område

## KULTURLANDSKAP OG KULTURMARKSTYPAR

I 1990 vart det utarbeidd ein rapport med vurdering av 19 utvalde modellområde for kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal. Føremålet var å sikre eit representativt utval av kulturlandskap og kulturmarkstypar i kommunen, og dei fleste av modellområda er i arealdelen sikra gjennom arealkategorien LNF-område.

## NATURKVALITETAR

I Noreg er 6,5% av landarealet freda med heimel i naturvernlova av 16. nov 1984. Dette er natur av særleg nasjonal verdi, og i Hornindal kommune omfattar det "Gytleskotet naturminne" på Ytrehorn.

Naturforvaltning i Hornindal kommune skjer først og fremst ved å avsette areal til LNF-område. Dette er også gjort med verneverdige naturkvalitetar som er registrert i EDNA, der naturkvalitetane i stor grad er sett av som LNF-område – med vekt på naturverdiar.

Kommunen har fått kartlagt deler av det biologiske mangfald, og resultatet er presentert i ein rapport av 29.01.2002, frå firmaet Miljøfagleg utredning. Registrerte arts- og naturførekomstar er kvalitetsvurdert, og klassifisert etter kor viktige dei er. 4 område er klassifisert som svært viktige, 5 som viktige og 12 som lokalt viktige. I kommuneplanen er dei fleste av desse områda avsett til LNF-område. Nokre er også markert som naturområde.

## BYGGING OG FRÅDELING I VASSDRAGSNÆRE OMRÅDE

Hornindalsvassdraget er verna etter verneplan I, men i kommuneplanen 1990 – 2000 var det ikkje sagt noko om kor nær vassdraget byggje- og anleggsdrift kunne skje. Derimot var det sett klare reglar for bygging i sona mellom Hornindalsvatnet og næraste veg.

Med unnatak av område som er omfatta av stadfest regulerings- eller utbyggingsplan, skal det ikkje gjevast løyve til nye tiltak i område mellom næraste veg og Hornindalsvatnet, før kommunestyret har vedteke kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget. I andre område er det ikkje høve til tiltak nærare vassdraget enn 50 m. Dette gjeld også for sideelvar.

For å stette trongen for båt plassar, og for å leggje til rette for auka båtliv på Hornindalsvatnet, er eit område på Ytrehorn sett av til småbåthamn. Dette blir hovudhamna for sentrumsområdet, men kommunen ønskjer at areal avsett til småbåthamn på reguleringsplanen for Grodås sentrum m.m., også kan realiserast i planperioden.

På arealdelen er elles eit privat område i Skavikja lagt ut til småbåthamn.

## VURDERING AV STØLSOMRÅDE

Ingen av setrekviene i Hornindal er lenger i tradisjonell drift, og er formelt sett ikkje lenger å sjå på som landbruksområde. Dei fleste representerer likevel svært verdfulle kulturmiljø, og kommunen har derfor sett dei av som LNF-område på arealdelen. Dei mest nytta setredalane er svært verdfulle friluftsområde, og kommunen ønskjer å leggje ekstra restriksjonar på arealbruken i desse dalane. I Seterdalsanalysen er områda karakterisert som sårbare for inngrep, og kommunen vil ta konsekvensen av dette ved ikkje å tillate tiltak, inngrep eller endra arealbruk som forringar områda som natur- og friluftsområde.

## JORDBRUKSAREAL

Som ledd i kommuneplanarbeidet er det utarbeidd temakart for ulike typar jordbruksareal, etter kategoriane som Fylkesdelplanen for arealbruk tilrår. På arealdelen er areal i klasse A merka av som LNF-område, der landbruk er dominerande. (Data frå DMK-basen- digitalt markslagskart - er nytta i dette arbeidet) .

## INDUSTRIOMRÅDE

Kommunen har to industriområde, eitt på Ytrehorn (A8), og eitt på Raudemel (A9). Ingen av desse er foreslått utvida i komande planperiode, men på Ytrehorn er eit område, som tidlegare var sett av til LNF-område, no lagt ut som massetak.

P.g.a. svært ulik arealbruk innanfor Ytrehorn industriområde (frå campingplass til møbelproduksjon) er området avmerka som ervervsområde på arealdelen.

## RIKSVEGAR

Riksveg 15 og riksveg 60 går gjennom kommunen, og av desse er RV 60 i så dårleg forfatning at han treng opprusting. Omlegging/ opprusting av riksveg 60 låg også inne i den gamle kommuneplanen, men ingenting skjedde i planperioden. Etter utspel frå vegsjefen om å samordne byggjeprosessane for Kvivsvegen og RV 60 kan opprustinga/ omlegginga synast nærare i dag enn tidlegare.

Ny riksvegtrasè frå Tomasgard til Møre grense vert som fastlagt i føregående kommuneplan, og evt. spørsmål om alternative trasèar vert å ta opp i eigen kommunedelplan. Dette vert i så fall ein plan som også må omfatte konsekvensutgreiing av alle aktuelle alternativ, og vurdering av desse opp mot kvarandre.

Det er Statens vegvesen som har ansvaret for riksvegane.

## **FYLKESVEGAR**

Dersom Rv 60 blir lagt om vil kommunen arbeide for at noverande trasé for RV 60 bli klassifisert som fylkesveg.

## **KOMMUNALE VEGAR**

Det er aktuelt å vurdere statusen til dei kommunale vegane, og endra økonomiske føresetnader kan føre til at nokre av dei blir overført til privat eige.

## **VEGSERVICEANLEGG**

Ved Horndøla bru er det etablert eit moderne vegserviceanlegg, med kiosk, toalett og tømme plass for bubilar. I tillegg er det stadfest reguleringsplan for Honndalsrokken Turistsenter som tilbyr sal av kioskvarer, oppstillingsplass for bubilar, m.m.

Kjøs bru er å rekne som eit viktig trafikknutepunkt, og med realisering av Kvivsvegen vil det også regionalt bli svært viktig. I nær tilknytning til busshaldeplassen er det sett av areal til næringsverksemd, med høve til etablering av vegserviceanlegg m.m. Føresetnaden er likevel at infrastrukturen er på plass før området vert teke i bruk til nye næringsaktivitetar.

## **GANG- OG SYKKELVEGAR**

For å auke trafikktryggleiken for gåande langs riksveg 60, og for å knyte sentrumsområdet til Postvegen i Skavikja, er det foreslått gang- og sykkelveg frå Svormusøet til Skavikja.

Det kan òg vere aktuelt å opp ruste opp gamlevegen rundt Skjærneset.

Langs den nye traséen for E 39 Kvivsvegen skal det byggjast gangveg frå skulen til Lødemel, slik det er vist i Kommunedelplan for E 39 frå Grodås til Møre og Romsdal grense.

## **TELE- OG KRAFTLINJER**

Nye og eksisterande kraftlinjer > 66 kV er merka av på arealdelen. Dette gjeld den nye linja frå Otterdalsnakken til trafostasjonen i Tomasgardmarka, og eksisterande linje frå Dalane til Tomasgardmarka.

## **BANDLAGDE OMRÅDE**

Fleire av dei bandlagde områda i den gamle kommuneplanen er ikkje regulert, og bandlegginga er oppheva i medhald av PBL § 20-6. Flesteparten av desse ligg no innafør LNF – område.

I den nye planen er det berre to bandlagde område. Dette er Sætremyrane, som er bandlagt fordi området er foreslått verna som viktig myrområde, mens det andre området omfattar areal for skisenter i Grendadalen.

Reguleringsplanen for området i Grendadalen er under arbeid, og vil truleg bli ferdig i god tid før bandleggingstida er ute.